



EIDFJORD KOMMUNE

PLANSTRATEGI

2024-2027

Innhald

1	Kva er ein planstrategi?	3
2	Planstrategien i kommunen sitt plansystem	3
3	Erfaringar frå planstrategi for 2019-2023	4
4	Status gjeldande planar, strategiar og styringsdokument.....	5
5	Erfaringar frå kunnskapsgrunnlaget.....	5
6	Prioriterte oppgåver 2024-2027	6
6.1	Vurdering av prioriterte prosjekt, planar, strategiar og styringsdokument.....	7
6.1.1	<i>Kommuneplanen sin samfunnsdel 2015-2027</i>	7
6.1.2	<i>Risiko- og sårbarheitsanalyse for Eidfjord kommune</i>	7
6.1.3	<i>Trafikktryggleik- og ladeinfrastrukturplan</i>	7
6.1.4	<i>Hovudplan for vatn, avlaup og vassmiljø</i>	7
6.1.5	<i>Plan for idrett, aktivitet og friluftsliv</i>	7
6.1.6	<i>Plan for besøksforvaltning</i>	7
6.1.7	<i>Strategisk næringsplan</i>	7
6.1.8	<i>Bustadpolitisk strategiplan</i>	8
6.1.9	<i>Forprosjekt Simadal næringspark</i>	8
6.1.10	<i>Prosjekt Lægreid skule</i>	8
6.2	Ikkje prioriterte planar, strategiar og styringsdokument.....	8
6.2.1	<i>Naturmangfald, klima og energiplan – samanslåing og revisjon</i>	8
6.2.2	<i>Områdeplan Øvre Eidfjord</i>	8
6.2.3	<i>Revisjon av Områdeplan Menes-Vik-Lægreid</i>	8

1 Kva er ein planstrategi?

Ein kommunal planstrategi skal bidra til å avklara kva planoppgåver Eidfjord kommunen skal prioritera i kommunestyreperioden. Etter plan- og bygningslova §10-1 skal kommunestyret utarbeida og vedta ein kommunal planstrategi i løpet av det første året etter konstituering.


Planstrategien er ikkje ein plan, og skal ikkje ta stilling til innhaldet i planane. Den skal synleggjera utviklingstrekk i kommunen, og peika på planbehov for å styra utviklinga. Ein skal gjennom planstrategien ta stilling til om dei overordna kommuneplanane, samfunnsdelen og arealdelen, skal reviderast eller vidareførast. Planstrategien skal ta stilling til kva arbeid det nye kommunestyret meina skal setjast i gang, reviderast eller vidareførast. Planstrategien får ingen direkte rettsverknad for kommunens innbyggjarar, men skal nyttast i prioriteringsarbeidet til dei folkevalde.

Det er krav til samarbeid med statlege og regionale mynder og nabokommunar, men det er ikkje høve for mynder å fremja motsegn til planstrategien. Retningsliner og forventningar til kommunal planlegging frå overordna mynder vert lagt til grunn for arbeidet.

2 Planstrategien i kommunen sitt plansystem

Kommunen er lokal mynde for tiltak etter plan- og bygningslova. Kommunen har forvaltningsansvaret for bruk av areal i kommunen. Gjennom kommuneplanen med samfunnsdel og arealdel, skal kommunen leggja føringar for kommunen sin utvikling. Vidare skal kommunen sørga for kunnskap og plan for utvikling på ulike tema, fagfelt og områder.

Planstrategien skal byggast på eit kunnskapsgrunnlag som syner utfordringsbiletet i hovudsak lokalt, med speiling mot regionalt og nasjonalt nivå. Planstrategien skal vurdere behov for revisjon av kommunen sitt planverk; kommuneplanar, kommunedelplanar og temaplanar eller behov for nye utredningar. Figur 1 syner korleis kommunen sitt plansystem er samansett.



Figur 1 Kommunal planstrategi si plassering i det kommunale plansystemet.

3 Erfaringar frå planstrategi for 2019-2023

Planstrategien for 2019-2023 var avmålt, hadde få, men store oppgåver lista opp. Erfaringa frå planstrategien frå 2016-2019 gjorde at planmengda vart betydeleg redusert. Strategien frå 2016-2019 førespegla ei stor mengde arbeid, som ikkje var foreinleg med sine avsette ressursar. Planstrategien for 2019-2023 tok lærdom, og nedfelte prosjekter og planar ein hadde ressursar til å gjennomføra.

Tabell 1: Status for planstrategi 2019-2023.

Oppgåve	Status			Administrativ kommentar
	Ferdigstilt	Påbegynt	Ikkje starta	
Kommuneplanen sin arealdel		x		Under arbeid.
Detaljplan for Lægreid (bustadtomter)		x		Planforslag er utarbeida, stopp grunna manglande avklaring flaum.
Detaljprosjektering for torg- og sjøfront sentrum		x		Administrasjonen vidareføra prosjektet frå Sentrumskomiteen.
Oppdatere planverk pga. skred/flaum Tussafoten			x	Statsforvaltaren i Vestland arbeider med Objektplan for Tussafoten.
Kommunedelplan for trafikksikkerheit			x	Ikkje påbegynt.
Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv	x			Revidert handlingsprogram.

Dei fleste oppgåvene frå førre planstrategi vart starta opp i planperioden. Nokre av elementa vart ikkje starta opp, grunna parameter utanføre kommunen si makt. I tillegg til prosjekta og planane i planstrategien, vart det starta opp og gjennomført andre prosjekt. Planstrategien for 2019-2023 sitt avgrensa omfang understreka ei fleksibilitet i fastsett arbeid, og oppgåver som «dukkar opp».

Tabell 2: Andre planoppgåver som er gjennomført/starta opp utan at dei har vore del av planstrategi.

Oppgåve	Status		Administrativ kommentar
	Ferdigstilt	Påbegynt	
Leve heile livet-plan	x		Konsekvens av kvalitetsreforma i helsesektoren frå 2017-2018.
Detaljregulering av Sysendalen reinseanlegg	x		Naudsynt arbeid med nytt reinseanlegg for avløpsområde Sysendalen, etter tilsyn frå Statsforvaltaren i Vestland.
Detaljregulering av Kjerøyyna		x	Overtaking av prosjekt frå Sentrumskomiteen.
Tolegreanseanalyse for Eidfjord sentrum		x	
Plan for førebyggjande arbeid	x		
Ruspolitisk handlingsplan 2024-2028	x		
Mindre revisjon av Overordna risiko- og sårbarheitsanlayse (ROS) Eidfjord kommune	x		
Kommunedelplan for naturmangfald	x		Etter tildeling av prosjektmidler frå Miljødirektoratet.

Ved planlegging av ny planstrategi er det viktig å sjå samanhengen mellom oppgåver, avdelingar og budsjett/ressursbruk. Planarbeida tek tid frå oppstart og medverknad, til forslag og vedtak av komplett plan/prosjekt. Prosjekter går i mange tilfelle over sette tidsfristar, grunna uforutsette element i prosessen. Ein må ha ei realistisk tanke om tidsbruk, og ved større arbeider setja av tilsvarande ressursar.

Det krevjar kontinuitet i ressursar for å gjennomføra prosjekter internt. Ved innleige av konsulenttenester vil ein letta den interne ressursen noko, men ein må ikkje undervurdera oppfylginga. Konsulentarbeid må fylgjast tett opp for å sikra eit godt resultat.

Ved prioritering av oppgåver i oppstartsåret av planstrategien må ein ha eit realistisk bilete av pågåande prosessar. Desse prosessane må fullførast før ein kan frigjera ressursar til nye prosjekt.

4 Status gjeldande planar, strategiar og styringsdokument

I ljøs av det kommunale plansystemet, har kommunen eit mangfald av planverk på fleire sektorar. Fagplanar som heimlar drift av einingar som ikkje utgjer politiske spørsmål er ikkje omtalt i tabellen.

Tabell 3: Status gjeldande planer Eidfjord kommune

Status gjeldande planer Eidfjord kommune		
Plannamn	Vedtaksår	Kommentar
Samfunnsutvikling og økonomi		
Kommuneplanen sin samfunnsdel	2015	Vedteken for perioden 2015-2027.
Kommuneplanen sin handlingsdel og økonomiplan	2023	Vedteken for perioden 2024-2027.
Areal og landbruk		
Kommuneplanen sin arealdel	2011	Vedteken for perioden 2011-2020. <i>Revisjon under arbeid.</i>
Kommunedelplan for Sysendalen	2019	Innarbeidast i ny kommuneplan.
Kommunedelplan for naturmangfald	2022	
Samfunnssikkerhet og beredskap		
Beredskapsplan	2023	Årleg revisjon.
Overordna risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) Eidfjord kommune	2017/2024	Delvis revidert i 2024.
Kultur, idrett og fritid		
Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2017-2020	2017	Rullert handlingsdel i planstrategi 2019-2023.
Handlingsdel 2021-2024	2021	
Sti- og løypeplan Sysendalen	2013	Vedteken for perioden 2013-2025.
Kulturminneplan for Eidfjord kommune	2020	
Bustad, eigedom og teknisk infrastruktur		
Bustadpolitisk strategiplan	2012	
Kommunedelplan for trafikksikring 2012	2012	Planlagt revidert i planstrategi 2019-2023, ikkje gjennomført.
Kommunedelplan for energi og klima	2020	Vedteken for perioden 2020-2030.
Oppvekst, helse og omsorg		
Folkehelseoversikt 2024-2027	2024	
Leve heile livet	2023	Vedteken for perioden 2023-2025.
Ruspolitisk handlingsplan 2024-2028	2024	
Plan for førebyggjande arbeid	2024	Vedteken for perioden 2024-2028.

5 Erfaringar frå kunnskapsgrunnlaget

Frå statlege myndar er det framlagt Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging for tidshorisont 2023-2027. Det er ein felles målsetnad å leggja til rette for trygge, berekraftige og levande lokalsamfunn på tvers av Noreg. Kommunen sin politikk skal vera i tråd med denne, og innsats er avgjerande for at Noreg som heilskap skal lykkast i å realisera ein berekraftig samfunnsutvikling.

Scenario Vestland speilar dei verkeleg store utfordringane for Vestland fylke, med tidsperspektiv 2040. Desse scenarioa sett utvikling i ein bestemt retning på spissen, og skal gje tankevekkara for val ein gjer. Tilhøva i Eidfjord gjer at fleire problemstillingar er relevante; me omgjer oss med skred, ras og flaumhendingar. Me bur i eit stabilt samfunn med god infrastruktur og gode offentlege tilbod. Me opplever fråflytting og auka press i eldreomsorgen. Me har store konkurransefortrinn på grøn energi, etablering av ny næring og arbeidsplassar.

Eidfjord kommune er ein kommune med lågt folketal, noko som har konsekvens for tilgjengeleg statistikk for kommunen sitt verkeområde. Utviklingsplanen for Vestland gjer statistikk for Indre Hardanger, som omfattar Eidfjord og Ullensvang. Ein legg regionsstatistikk til grunn for utviklingstrekk i Eidfjord.

Kunnskapsgrunnlaget peikar på utfordringar knytt til endra **demografi**, mangel på **arbeidskraft** og **fråflytting** frå bygdene som utfordringar for distrikt-Noreg. **Arbeidsmarknaden** i Eidfjord er prega av offentlege tenester, kraftproduksjon og tenester knytt til reiselivet. Indre Hardanger har generelt ein låg tilvekst av private tenester og offentlege arbeidsplassar.

Eidfjord som stad er ein **turistdestinasjon** for folk frå inn- og utland. Kommunen har ei veletablert turistnæring, som i større grad må tilpassa seg krav for ein **berekraftig destinasjon**. Kommunen har igangsett arbeider for å auka kunnskapen kring besøksnæringa si påverknad på lokalsamfunnet på fleire nivå. Arbeidet fordrar at ein tek kunnskapsgrunnlaga vidare i ein plan for berekraftig besøksforvaltning.

Klimapåverknaden i regionen er høg; ein må redusera utslepp av klimagassar, unngå nedbygging av sårbart areal og sikra bebyggelse mot eit endra klima. Eidfjord har hovudveg gjennom kommunen, samt cruiseanløp som bidrar til lokalt utslepp. Lokale strategiske val knytt til elektrifiseringa vil gjera kommunen grønarare. Eidfjord er ein **fritidsbustadkommune**, i ljos av justerte nasjonale føringar for fritidsbebyggelse må ein for ny arealbruk ta beviste val knytt til nedbygging og bruk av natur. Endringar i klima- og naturtilhøva påverkar eksisterande bebyggelse, og planlegging av ny bebyggelse.

6 Prioriterte oppgåver 2024-2027

Tabellen tek føre seg prioriterte planoppgåver og prosjekt for den kommande fireårsperioden. Oversikta syner kva avdeling som har hovudansvaret for framdrift av prosjektet/planverket, kva ressursar ein forventar å nytta og når arbeidet skal startast opp.

Tabell 4: Oppgåver for perioden 2024-2027.

Plannamn	Planleggingsperiode				Forventa ressursbruk
	2024	2025	2026	2027	
Større tverrfaglig samarbeid					
Kommuneplanen sin samfunnsdel				x	Ekstern ressurs
Risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) Eidfjord		x			Intern/ ekstern ressurs
Prosjekt Læg Reid skule		x			Ekstern ressurs
Hovudansvar Drift og forvaltning					
Trafikktryggleik- og ladeinfrastrukturplan		x			Intern ressurs
Forprosjekt Simadal næringspark		x			Ekstern ressurs
Hovudplan for vatn, avlaup og vassmiljø			x		Ekstern ressurs
Hovudansvar Kultur, næring og berekraft					
Strategisk næringsplan, Revisjon retningslinjer for næringstilskot	x				Intern ressurs
Plan for besøksforvaltning		x			Ekstern ressurs
Plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv Sti- og løypeplan Eidfjord kommune			x		Intern ressurs
Hovudansvar Helse og omsorg/NAV					
Bustadpolitisk strategiplan		x			Intern ressurs

Kommunen sin administrasjon vil vera involvert i anna planarbeid på vegne av kommunen:

- *Regional sti- og løypeplan for Hardangervidda, regi av Buskerud fylkeskommune*
- *Interkommunal plan (IKP) Felles forvaltningsplan for Hardangerfjorden, regi av Hardangerrådet*

6.1 Vurdering av prioriterte prosjekt, planar, strategiar og styringsdokument

Delkapittelet gjer ein gjennomgang av prioriterte planoppgåver for perioden 2024-2027.



6.1.1 *Kommuneplanen sin samfunnsdel 2015-2027*

Kommuneplanen sin samfunnsdel for Eidfjord kommune vart vedteken for perioden 2015-2027. Planen skissera tre satsingsområder for perioden; bu-, opplevings- og besøks-, og arbeidskommunen Eidfjord. Elementa belyser innhald i eit livskraftig samfunn. Kommuneplanen legg føringar for at Eidfjord skal vera trygg og god for alle aldersgrupper, det skal vera godt tilbod av arbeidsplassar lokalt eller i regionen og ein skal tilretteleggja for aktivitet knytt til turisme.

Kommunen ser at planen bør reviderast. Etersom kommunen er i arbeid med kommuneplanen sin arealdel, ynskjer ein å ferdigstillast denne før oppstart av rullering av kommuneplan sin samfunnsdel. Ein ser det hensiktsmessig å starta arbeidet i slutten av planperioden.



6.1.2 *Risiko- og sårbarheitsanalyse for Eidfjord kommune*

Eidfjord kommune sin risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) er frå 2017. Etter denne tid har *Direktorat for samfunnssikkerheit og beredskap* (DSB) framlagt ny metode for gjennomføring av ROS-analyser. Kommunen har etter tilsyn fått pålegg om å utarbeida ny ROS.



6.1.3 *Trafikktryggleik- og ladeinfrastrukturplan*

Gjeldande trafikktryggleiksplan for Eidfjord kommune vart vedteken i 2012. Planen tek føre seg tilhøve langs gang- og køyrevegnettet i kommunen. Planen inneheld ei tiltakslista som er tilnærma gjennomført. Regionale mynder har tilskotsordningar for trafikktrygging, her må kommunen kunna syna til oppdatert planverk for å få tildelt tilskotsmidler til trafikksikringstiltak.

I ny plan ynskjer kommunen å samanstillast trafikksikring og ladeinfrastruktur i felles planverk. Kommunen har fleire store ladestasjonspunkter, og fleire vil det komma. Kommunen ser behov for å sjå på heilskapen knytt til ladeinfrastrukturen i kommunen.



6.1.4 *Hovudplan for vatn, avlaup og vassmiljø*

Eidfjord kommune har behov for ein overordna plan for vatn, avlaup og vassmiljøet i kommunen for å sikra forvaltning i tråd med drikkevassforskrifta og vassforskrifta. Planverket vil syna eksisterande infrastruktur, og framtidig utbyggingsbehov for vassforsyninga og reinsing av spillvatn. Planverket bør omtala m.a. forsyningstryggleik og tilstand i vassførekomster.



6.1.5 *Plan for idrett, aktivitet og friluftsliv*

Gjeldande plan for idrett, aktivitet og friluftsliv vart vedteken for perioden 2017-2020. Etter denne tid har handlingsdelen til planen vorte rullert. Administrasjonen ser behov for revisjon av planen, og integrasjon av kommunen sin sti- og løypeplan for Sysendalen.

Administrasjonen ser behov for å utvida sti- og løypeplanen til å gjelda heile kommunen. Det er pågåande arbeid med regional sti- og løypeplan for Hardangervidda, resultat av dette arbeidet vil påverka utforming av kommunen sin sti- og løypeplan.



6.1.6 *Plan for besøksforvaltning*

Eidfjord er eit ynda reisemål for innland- og utenlandske turister. Me har attraktive turområder, flotte attraksjoner og mykje historie. For å forvalta områdene me har, bør ein utarbeida ein plan for besøksforvaltning som vil sei noko om korleis ein ynskjar besøkande til kommunen.

I tråd med vedtak i sak 24/008 igangsette Eidfjord kommune i sommar 2024 arbeid med ein *Tolerenseanalyse for Eidfjord sentrum*. I løpet av haust 2024 skal kommunen i tråd med budsjettpost 202432 igangsetta ein *Berekraftsanalyse for Sysendalen*. Desse arbeidene vil vera gode grunnlag for utarbeiding av ein plan for besøksforvaltning i kommunen.



6.1.7 *Strategisk næringsplan*

I 2023 vart det gjennomført eit større arbeid med kunnskapsgrunnlag for utforming av ein strategisk næringsplan for kommunen. Kommunen ser behov for ein strategisk næringsplan som legg føringar for korleis næringa i Eidfjord skal utvikla seg, punktet kan relaterast til punkt om besøksforvaltning og punkt om Simadal næringspark.

Dersom utfordringar med ressursar, vil ein prioritera revisjon av retningslinjer for næringsstilskot.



6.1.8 *Bustadpolitisk strategiplan*

Attende i åra kring 2012 hadde Hardangerrådet ein pågåande kampanje «Flytt til Hardanger» som eit av fleire prosjekter for å auka folketalet i distriktsområder. Det vart i forbindelse med dette søkt midler til ein analyse av bustadmarknaden i Hardanger, som resultat av dette vart det laga ein lokal bustadplan med strategiske val og prioriteringar for kommande år. Planen er nå av alder, lokale tilhøver og arbeidsmarknaden har endra seg gjennom tida og dette gjer behov for revisjon av planverket.



6.1.9 *Forprosjekt Simadal næringspark*

I tråd med vedtak i sak 24/014 har Eidfjord kommunestyre fremja ynskje om eit forprosjekt for næringsutvikling i Simadal. Kommunen ynskjer å utnytta areala i Simadal, og vil gjennom ei utgreiing sjå kva poensiale området har.



6.1.10 *Prosjekt Lægreid skule*

I budsjettet for 2024 er det avsett kr. 5.000.000,- til framtidige investeringar knytt til Lægreid skule. Skulebygget er frå 1968, det har vore gjort naudsynt vedlikehald og ombyggingar gjennom tida. Ein har nå nådd eit punkt kor ein har behov for større rehabilitering av bygget, eller bør sjå moglegheita for nybygg. Det skal igangsettast eit prosjekt knytt til å utreda moglegheiter kring skulebygget.

6.2 *Ikkje prioriterte planar, strategiar og styringsdokument*

Delkapittelet gjer ein gjennomgang av planoppgåver som ikkje er prioritert for perioden 2024-2027.



6.2.1 *Naturmangfald, klima og energiplan – samanslåing og revisjon*

Eidfjord kommune vedtok ein kommunedelplan for naturmangfald i 2022, planen samastiller kunnskapgrunnlag for naturmangfald i Eidfjord kommune. Som fylgje av planen skal det utarbeidast ein handlingsplan for vidare arbeid med tematikken.

Eidfjord kommune vedtok i 2020 ein kommunedelplan for energi og klima, planen har framlagt tiltakslista for 2021 og 2022 med tiltak for kommunedrifta.

Det er vurdert hensiktsmessig å slå saman desse to planane til eit felles planverk, då tematikkene har verknad på kvarandre. Grunna planane sin nye vedtaks år, og prioritering av andre planoppgåver, vert ikkje arbeidet prioritert i gjeldane planstrategi.



6.2.2 *Områdeplan Øvre Eidfjord*

Eidfjord kommune fekk i 2022 offisielt melding om det ustabile fjellpartiet Tussafoten i Øvre Eidfjord. På grunnlag av dette bør ein oppdatera planverket i området for å taka inn faresona i plan. Kommuneplanen sin arealdel vil avklara deler av problematikken. Det er ynskjeleg å gjennomføra eit arbeid med ein områdeplan som tek føre seg dei store trekka i arealbruken i Øvre Eidfjord. Grunna avklaringar som skjer i kommuneplan, kombiner med prioritering av andre oppgåver vil ikkje punktet verta prioritert i gjeldande planstrategi.



6.2.3 *Revisjon av Områdeplan Menes-Vik-Lægreid*

For Eidfjord sentrum regulerer Områdeplan Menes-Vik-Lægreid (planid: 2013001) korleis ny utvikling skal skje. Områdeplanen er frå 2016, og samastiller fleire mindre planar for sentrumsområda og Lægreidsflata. Gjennom administrasjonen sitt arbeid med planverket ser ein behov for revisjon av planverket for å sikra heilskapen i området.